

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.:  
Sakshandsamar: Lisa Førde Refsnes  
Direkte telefon:  
Vår ref.: 14/247-40  
Dato: 22.08.2014

Ikkje offentleg:

## **Merknader til Helse- og omsorgsdepartementets høyringsnotat «Forslag om å fjerne henvisning fra fastlegen når kvinner begjærer svangerskapsavbrudd.»**

Pasient- og brukarombodet viser til pkt 5.1 side 12 i høyringsnotatet:

*«Fastlegen skal ikke henvise kvinnen til spesialisthelsetjenesten, men lage en skriftlig sammenfatning av anamnese og kliniske funn som sendes til spesialisthelsetjenesten sammen med kvinnens krav om abort. Dersom kvinnen foretrekker det, kan kravet og den skriftlige sammenfatningen sendes med kvinnen, som selv bestiller time.»*

Ei kvinne kan kontakte spesialisthelsetenesta direkte og krevje abort. Dersom kvinna vel å kontakte fastlegen, er Pasient- og brukaromboda skeptisk til at spørsmål om kven som skal sende dei aktuelle dokumenta til spesialisthelsetenesta kan bli eit tema til diskusjon mellom lege og pasient.

Vi veit at det er i overgangane mellom dei ulike helsetenestene det er størst fare for at feil og svikt i samhandlinga kan skje. Pasient- og brukaromboda erfarer og at det er fare for mistydingar og kommunikasjonssvikt mellom helsepersonell og pasient i situasjonar der pasienten opplever å vera i krise. Det som er ei daglegdags oppgåve for helsepersonellet er ein situasjon som er ny og krevjande for pasienten. I dette ligg utfordringa at helsepersonellet må ta høgde for dette i kommunikasjonen med pasienten. Mistydingar og kommunikasjonssvikt mellom pasienten og legen kan få det utfallet at kravet om abort ikkje vert sendt spesialisthelsetenesta. Kvinna trur legen sender dokumenta, medan legen trur kvinna sender dokumenta. Denne faren kan ein ved enkle grep unngå. Fastlegen må ha ansvaret for å sende dokumenta vidare når ei kvinne har kontakta legen for bistand til å setje fram krav om abort. Kvinna bør få kopi av den skriftlege samanfatninga.

Pasient- og brukaromboda har ikkje andre merknader til høyringsnotatet. Vi er nøgde med at Helse- og omsorgsdepartementet i høyringsnotatet klargjer ansvaret og rolla til kommunane, korleis fastlegane skal praktisere felleslister, og kva konsekvensar det skal ha dersom fastlegar av samvitsgrunnar reserverer seg mot å utføre oppgåver som følgjer av listeansvaret. Desse presiseringane sikrar framskriving og klårgjering av rettstilstanden både for pasientar og helsepersonell.

Med venleg helsing

Lisa Førde Refsnes  
pasient- og brukarombod  
Sogn og Fjordane

På vegner av

Helse, sosial- og eldreombudet i Oslo  
Pasient- og brukarombudet i Akershus  
Pasient- og brukarombudet i Telemark  
Pasient- og brukarombudet i Buskerud  
Pasient- og brukarombudet i Aust- Agder  
Pasient- og brukarombudet i Østfold  
Pasient- og brukarombudet i Vestfold  
Pasient- og brukarombudet i Hedmark og Oppland  
Pasient- og brukarombudet i Rogaland  
Pasient- og brukarombudet i Hordaland  
Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal  
Pasient- og brukarombudet i Sør-Trøndelag  
Pasient- og brukarombudet i Nord-Trøndelag  
Pasient- og brukarombudet i Nordland  
Pasient- og brukarombudet i Troms